

# NÆRINFO HARDANGERBRUA

## RV. 13/RV. 7 HARDANGERBRUA TILFØRSELSVEGAR OG TUNNELAR ULVIK, ULLENSVANG OG EIDFJORD KOMMUNAR

### Arbeidet med tilførselsvegane og tunnelane er i gang

27. januar vart det skrive bruhistorie i Hardanger. Tre entreprenørar signerte sine respektive kontraktar med Statens vegvesen, og Hardangerbrua nærmar seg gjennomføringsfasen

#### Entreprenørane

Entreprenør AF Gruppen skal bygge tunnelar og tilførselsvegar. Dei som skal sørge for betongkonstruksjonane er Veidekke entreprenør A/S, og MT Højgaard har ansvar for stål og montasjearbeid. Alle tre er røynde firma, med lange og gode merittlister.

#### Arbeidsstart i Vallavik

AF Gruppen starta arbeida med tilførselsvegane og tunnelane 26. februar 2009. Anleggstarten vart markert med sprenging i forskjæringa av gangtunnelen i Vallavik i Ulvik Kommune.

AF Gruppen har kontrakt på dei første to hovudentreprisane i prosjektet. Den eine kontrakten omfattar bygging av tilførselsvegar og tunnelar på Vallaviksida, inklusiv opprusting av Vallaviktunnelen. Dette arbeidet har planlagt oppstart i tidsrommet september-oktober 2009 og vil føre til at Vallaviktunnelen vert stengt i ca. åtte veker. Info og annonsering skal sendast ut i god tid på førehand.

Vidare skal AF Gruppen også bygge tilførselsvegar og tunnelar på Bu-sida i Ullensvang kommune. På begge sider skal entreprenøren også sprengje ut gropene for tårnfundament, spreiekammer og forankringskammer for brukablane.

Sjølv om byggeaktiviteten vil vere mest konsentrert i starten, så vil AF Gruppen ha anleggsaktivitet fram til bruåpninga i 2013.

#### Vegstengingar i samband med arbeida

Ved vegstengingar vil det bli tatt omsyn til uttrykingskjøretøy, ferjeavgangar og rutegående trafikk. Under sprengingsarbeid må ein – av omsyn til tryggleik for trafikantane – rekne med vegstengingar både på rv. 13 og på fv. 302 Vallavik-Djønno. Det vil verte annonsert og informert om dette etter gjeldande reglar.



**Prosjektleder:**

Øivind L. Søvik  
Telefon: 555 16 322

**Senioringeniør:**

Magne Mo  
Telefon: 954 41 869

**Byggeleder Bu-sida:**

Knut B. Langeland  
Telefon: 908 25 871

**Byggeleder Vallavik-sida:**

Bjarne Løne  
Telefon: 950 86 772

**FAKTA OM PROSJEKTET**

Hengebru: Hovudspenn 1310 m  
Total lengd 1380 m  
Tunnel: Total lengde 2,4 km  
T-8;5 tversnitt  
Veger: Total lengde 0,8 km  
Vegbreidde 7,5 m

Dimensjonerende fart 80 km/t.

Den økonomiske ramma for prosjektet er på 2.3 milliardar kroner, justert til 2009-verdi.  
(dette samsvarar med den ramma som er gitt frå Stortinget på 1,7 milliarder kroner i 2004)

Anleggsperiode ca. 2007 - 2013



Du finn meir informasjon om dette prosjektet på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Link: [www.vegvesen.no/hardangerbrua](http://www.vegvesen.no/hardangerbrua)

**Statens vegvesen Region vest er byggherre for prosjektet og er ansvarleg for gjennomføringa.**

Prosjektleder: Øivind L. Søvik  
Telefon: 555 16 322  
E-post: [oivind.sovik@vegvesen.no](mailto:oivind.sovik@vegvesen.no)

Tilførselsvegar /tunnelar:  
Senioringeniør Magne Mo tlf: 954 41 869  
Byggeleder Bu-sida Knut B. Langeland tlf: 908 25 871  
Byggeleder Vallaviksida Bjarne Løne tlf: 950 86 772  
Kontrollingeniør Eivind Kolle  
Kontrollingeniør Jostein Fjøsne  
Entreprenør: AF Gruppen

Spørsmål om anleggsarbeida kan rettast til:  
Senioringeniør Magne Mo tlf.: 954 41 869



**Statens vegvesen**